

## Endring av vegnamn på eksisterande adresseparseller

**1. Adresseparsell Hyevegen, Gatekode 2137.** Strekker seg frå RV5 ved Storebru og endar i Sørstranda, nord for Sandane i Gloppen kommune. Vi ønskjer å starte nummereringa frå Storebru og då trenger vi nytt vegnamn. Vegen vil starte frå RV5 v/Storebru og krysset på Storebru er eit naturleg sted for startpunkt på ein veg. Viss nedetatar, post eller andre adressebrukere som er kjent med avstandsprinsippet skal f.eks til Hyevegen 5511, kan dette tolkes feil og i verste fall kan havne på heilt feil plass. Ved å starte nummereringa frå Storebru skaper dette ein meir ryddig og trygg adressestruktur for bustader langs denne vegen.

**2. Adresseparsell Nordre Vågen, Gatekode 2092.** Starter frå riksveg 543 (Sandviksvegen) og munnar ut i Søre Vågen. I høyringsnotat om vegnamn av Edvin Helgheim (14/184-74) er det kommentert at parsellen går ut frå Høyvik og endar i Nordre Vågen. Plasseringa av stadsnamnet Nordre Vågen er feil på kartet og skal ligge på nordsida av neset. Vågen på sørsida av neset heiter Søre Vågen. Opplysningane er utsegn frå fleire grunneigarar (15/374 -41 og 43) som bur langs dette vegstrekket og gamle jordskiftekart støttar argumenta. Vi gir medhald til grunneigarane sine påstandar og trenger nytt vegnamn på denne strekninga.

PS: Du finn også den skriftlege klagen frå grunneigarane i sak nummer 18/9-128.

**3. Adresseparsell Øyna, Gatekode 2131.** En adresseparsell i Vågsøy har allereie ein parsell med namnet Øyna og som er tildelt vegadresser. Det kan ikkje være to like vegnamn i same kommune. Øyna i Flora kommune er ikkje tildelt vegadresse, og Kartverket har lagt fram forslag om at Øyna i Flora kommune tildelast nytt vegnamn.

## Oppretting av nye adresseparseller

**4. Privat veg som går til og forbi Agledal.** Starter frå RV5 nær Langedalen ved Storebru. Er cirka 4 km lang. Det fins fleire bustader opp langs Agledalen. Totalt vil det være 10 bustadar adressert til denne vegen.

**5. Ny parsell for Færøya/Færøykalven.** I dag er det berre ein parsell i øyaområdet, men det skaper vanskar med etablere ein strukturert nummerering fordi vi er nødt til å ta utgangspunkt frå kaia, slik vi gjer med dei andre øyane. Dermed er det behov for ein parsell til, ein som går nordover frå kaiområdet og ein som går sørover. Færøya førast vidare for vegstrekinga som går frå kaiområdet og sørover, sidan det tross alt er på Færøya. Det trengs nytt vegnamn for parsellen som går nordover.

**6. Little Timberøyna.** Blir ein områdeparsell. Ingen tilkomst frå veg. Det er 4 fritidsbustader som blir knytt til denne parsellen.

**7. Domba.** Blir ein områdeparsell. Hytteområde på sørvestlige del av Hovden utan tilkomst frå veg. 6 fritidsbustadar + nokre fritidstomter blir knyta til denne parsellen.

**8. Norddalsøya i Norddalsfjord.** Blir ein områdeparsell. Har ikkje tilkomst frå veg. 3 fritidsbustader blir knytt til denne parsellen.

**9. Kletten, Brandsøy.** Som følgje av oppføring av rekkehus langs denne stikkvegen, er det hensiktsmessig å opprette ein ny parsell. Husstandene langs denne stikkvegen er adressert til Brandsøysundet. Flere av bustadane vil bli omadressert pga. oppføring av nye bustader og då passer det seg danne ein ny parsell i same prosess. Bustadene har ei viss avstand til Brandsøysundet og ligger i ein skråning. 10 bueningar vil kunne bli adressert til den nye parsellen. Andre stikkeveger på høgre

side av parsell Brandsøysundet har egne vegnamn og oppretting av ny parsell vil være samenfalle med adressestrukturen i området.

**10. Heia på Stavøya.** Hyttefelt Stavøya, Reguleringsplan id 20150107 – Privat detaljreguleringsplan Stavøy, GBN 21/2, hytte. Ny privat veg under arbeid, mogleg allereie ferdig. Stort hyttefelt med veg som krever eiga parsell.

**11. Nytt bustadfelt "Instetunet"** ved Solheim, Brandsøy. Ny veg **SØR** for Brandsøyvegen. Reg.plan Solheim/Brandsøy GBN 23/317 m.fl. PlanID 20120103.

**12. Nytt bustadfelt "Instetunet"** ved Solheim, Brandsøy. Ny veg **NORD** for Brandsøyvegen. Reg.plan Solheim/Brandsøy GBN 23/317 m.fl. PlanID 20120103.

**13. Uravågen ved Årebrot.** 3 Fritidsbustadar ved Uravågen kan ikkje knyttes til dei andre parsellene i området sidan det ikkje er er tilkomst frå veg og ikkje er på Uraøya. Dermed trengs det egen områdeparsell.

### *Rettelse av skrivefeil på vedtatt vegnamn*

*'Ole Torjusons veg', Gatekode 2123 på Svanøy*

*No i haust har det blitt påpeikt frå nokre grunneigarar på Svanøy og Plansjef Anders Espeset at namnet har feil skrivemåte. Namnet burde være 'Ole Torjussens veg' og denne nye og riktige stavemåten ligger nå til behandling hos språkrådet.*